

## MØTEPROTOKOLL

### BARN OG UNGES KOMMUNESTYRE

**Møtestad:** Hå rådhus  
**Dato:** 30.11.2023  
**Tidspunkt:** Kl. 09:00 - 13:00

**Innkalling:** Godkjent  
**Sakliste:** Godkjent  
**Merknader:** Ingen

#### Møtedeltakere:

<b>Høyland skule 5-7. trinn:</b> Ingrid Høyland Tom-Sander Vikanes Undheim Marie Wiig Aanestad	<b>Tryggheim ungsomsskule 8-10. trinn:</b> Sondre Handeland Kverneland Benjamin Ravn Eriksen Nora Berge
<b>Bø skule 5-7. trinn:</b> Brede Jonassen Tord Lozano Levang Jacob Brekke	<b>Varhaug skule 5-7. trinn:</b> Oda Håland Evelina Sotchenko Nora Skrettingsland Aanestad
<b>Motland skule 5-7. trinn:</b> Tobias Laupland Theo Bø Fernandez Leah Rosland	<b>Varhaug ungdomsskule 8-10. trinn:</b> Lisa Håland Nedrebø Sunniva Kartevoll Rebekka Håland
<b>Nærbø ungdomsskule 8-10.trinn:</b> Kristoffer Bøe Benedicte Salte Nordvik Tobias Versland	<b>Vigrestad skule 5-7. trinn:</b> Theodor Khajiev Mæland Hannah Aarsland Hanna Kverme Fuglestad
<b>Ogna skule 5-7. trinn:</b> Alita Nielsen Bertinius Mattingsdal Marcus Nesvik	<b>Vigrestad storskule 8-10. trinn:</b> Brede Sola Gimre Leander Andersen Hølland Max Petter Vold
<b>Ogna skule 8-10.trinn:</b> Jim Tuen Oline Stokkeland Adrijan Landmark	

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/23	Folkehelse­drøfting - innspel frå barn og unges kommunestyre i Hå
002/23	Budsjett 2024 - Orientering til Barn og unges kommunestyre
003/23	Spørsmål til ordføreren
004/23	Fordeling av midler BUK 2023



## 001/23: Folkehelse­drøfting - innspel frå barn og unges kommunestyre i Hå

Barn og unges kommunestyre drøftar og kjem med innspel

### 30.11.2023 Barn og unges kommunestyre

#### Møtebehandling:

#### Ogna Skole:

1. Når vi ser at nokon ikkje kan vera med eller er utanfor eit miljø, så kan vi spør om dei vil bli med, altså invitera dei med. Det er viktig at både vaksne, barn og ungdommer tek initiativ når dei seg at nokon er utanfor. Det er kanskje lettare å bli med viss det er billig å kunne vere med. Derfor er det viktig at det ikkje kostar mykje for å kunne vere med på aktiviteten.
2. Viss me ser nokon som er utanfor, så kan vi seie frå til ein vaksen du stoler på. Det kan vere foreldre, trener, lærar, helsesjukepleiar, besteforeldre eller søsken. Eit eksempel eg vil nemna var då me gjekk på mellomtrinnet, så var det nokon som ikkje fekk vera med på fotball i friminutta. Då ga dei beskjed til lærar. Etter det blei det slik at alle fekk vera med å spela.
3. Våre forslag til korleis vaksne kan hjelpa barn og unge til gode vaner når det kjem til kost og trening på ein positiv måte.

Heime kan foreldre oppfordre ungane til:

- å smake nye ting
- lage sunn mat med grønnsaker, frukt, kylling, lite bearbeidd mat
- drikke vann som tørstedrikk i staden for brus og saft
- ha snop i helga og ikkje ellers i veka
- gå på tur eller gjere andre ting saman der ein er aktiv
- ha frukt/grønnsaker ståande framme viss ein får lyst på noko godt
- motivere/"tvinge" barna ut på leik i staden for å bare sitje inne å spele.

Skule og barnehage:

- ha fleire gymtimer eller FA
- lærarane har aktive undervisningsøkter
- ha frukt og grønt i barnehagen i staden for kaker når ein skal feira bursdager

I tillegg bør det vereså billig som mogleg å drive med idrett, delta i kulturskulen, vere med i klubbar og foreningar.

Butikkane bør setja ned prisen på frukt og grønt slik at det blir billig å kjøpe det som er sunnast.

#### Varhaug Skole:

1. Gå bort til personen, spør om han/ho/annet vil vere med. Prøve å inkludere dem. Om det er nokon som er veldig utanfor, og ein ser at det er eit stort problem, bør du seie i frå til ein vaksen.

2. Snakke med ein vaksen eller lærar du stoler på. Kjem ann på kven du snakker med, er ikkje alltid den vaksne tek deg på alvor.
3. Komme med forslag til ulike aktiviteter, gjer det til ein positiv opplevelse. Ha gode og varierte matvaner, 5 om dagen. Varierte middager, foreldre bidrar til å kjøpe sunnere og varierte mattyper.

#### **Vigrestad skule:**

1. Det kjem ann på kven som står der
2. Dei kan snakka me fleire forskjellige personar
3. Bere gjer det

#### **Tryggheim og Motland skule:**

1. Inkludere og gå bort til dei som står aleina
2. På Tryggheim er det sjelden folk som står aleina, alltid to og to eller fleire. Snakka med dei som er aleina, eller snakka med nokon vaksne (lærar og foreldre)
3. Det er foreldrane som skal ha ansvar og passa på at dei har god helse og kommer seg ut.

#### **Bø skule, Nærbø ungdomsskule og Høyland skule:**

1. Inkludera, prøva å forstå dei, støtta dei. Finne ut kva dei kunne tenkt seg å gjera, laga eit tilbod til dette. Vaksne har dette som jobb, og hjelp desse.
2. Snakk med lærar, helsesjukepleiar, foreldre eller ein vaksen du stoler på. Psykiskhelsetelefon: 116111
3. Vær et godt forbilde, smoothie og sunn mat på skulen, tilby fritidsaktivitet, meir krø/sym, kiosk på turnering, gratis trening.

Saka tas til orientering.  
Samrøystes vedteke.

#### **BUK- 001/23 Vedtak:**

Saka tas til orientering

## **002/23: Budsjett 2024 - Orientering til Barn og unges kommunestyre**

Saka blir teken til orientering

### **30.11.2023 Barn og unges kommunestyre**

#### **Møtebehandling:**

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteke.

#### **BUK- 002/23 Vedtak:**

Saka blir teken til orientering

## **003/23: Spørsmål til ordføreren**

### **30.11.2023 Barn og unges kommunestyre**

#### **Møtebehandling:**

##### **1. Ogn skule:**

- **Er det planlagt sykkelsti frå der den stoppar i Sirevåg og vidare mot grensa til Egersund?**

Ja, det er planlagt vidare til etter den store svingen som kommer etter Sirevåg.

- **Kan det setjast opp meir lys ved bowlen på Ogn skule?**

Det er Ogn skule som har ansvar for bowlen. Det må derfor tas opp på skulen, Viss skulen synes det er nødvendig og rektor er enig, så må rektor søkja kommunen. Kommunen vil då ta ei vurdering opp mot andre behov.

- **Kjem det lyktestolpar på Høllandsvegen?**

Veien er fylkeskommunen sin og vi kjenner ikke til at det er planlagt lyktestolper her. Kommunen kan gi forslag til fylkeskommunen hvor de skal bygge lyktestolper, men denne veistrekningen har ikke blitt satt opp på kommunen sine innspill til fylkeskommunen.

##### **2. Tryggheim ungdomsskule:**

- **Det er et ønske fra mange om at toget sør for Nærbø kan gå oftere. Hva kan ordføreren gjøre med det?**

Dette er eit godt og viktig spørsmål. Toget og jernbanen er limet i den kollektive kommunikasjonen i Hå. Hyppigheiten av togavganger er viktig med hensyn til å få fleire reisande, over på tog. Eg har høyrte at det – med det rutetilbodet me har i dag – skal vere mogleg med halvtimes-avganger også til Varhaug. Dette er likevel, dessverre, ikkje noko berre me i Hå kan bestemme. Eg vil på bakgrunn av dette spørsmålet sende ein henvendelse til Bane Nord om å auke frekvensen til

Varhaug.

- **Det er lett å kjøpe alkohol uten å vise ID. Det er lett tilgjengelig hasj på markedet. Hva kan ordføreren og kommunen gjøre med disse tingene?**  
Når det gjelder salg av tobakk og alkoholvarer til mindreårige, tar SLT jevnlig turen innom kiosker og butikker for å minne de på lovverket. Politiet har også gjort det same, Vi må samarbeide med salgs- og skjenkekontrollen for å ha et økt fokus på kontroll. Vi er også kjent med at noen unge bruker falsk id. Vi kan bli bedre å informere unge om at det er straffbart.

Hasj vil trolig være lett tilgjengelig fremover i tid. Dersom tollvesenet får økte ressurser kan trolig innførselen reduseres. Politiet trenger økte ressurser for å forebygge og avdekke salg. Ungdommer trenger mer informasjon om cannabis (hasj) og voksne de stoler på dersom de kommer i situasjoner de helst vil være foruten enten det er knyttet til bruk, kjøp eller sal

### 3. Varhaug skule:

- **Kvifor er det ikkje nok vaksne som kan hjelpa oss? Vi treng fleire vaksne? Vi opplever:**
  - at det er lite vaksne i på skulen
  - Det tar lang tid før vi får hjelp i timane
  - Nokre elevar synes det er vanskeleg å gjere det som er rett, dei skaper uro i klassen når det berre er ein vaksen er det vanskeleg å få arbeidsro. Dei elevane som treng hjelp til å forbetre oppførselen får heller ikkje hjelp til det.
  - Ein lærar klarer ikkje å hjelpa, det er mange som ikkje får hjelp, både dei som synes ting er vanskeleg og dei som treng meir utfordringar.
  - Dei gongene vi får god hjelp er det fordi vi har studentar i klasserommet.
  - Vi ønsker og at fleire vaksne kan være ute i friminutta

**Vi har lyst å ha fleire vaksne rundt elevane fordi nokre gonger har dei vaksne ikkje tid til å høyre på alle elvane når noko skjer. Dette går ut over timane fordi lærarane må bruka tid på dette i stedet for undervisninga.**

Det er aldri kjekt å høyre slike ting. Me skulle og ønska at me kunne tilsett fleire vaksne i skulane, men det handler om økonomi og pengar. Det er politikarane som bestemmer i budsjettet kor mykje pengar me får til å lønne vaksne i skulen. I 2024 skal me bruke ca. 265 millionar til lønn. Pengane fordeler me på skulane etter elevtal, slik at skulane får omtrent like mange vaksne per elev. Regjeringa har bestemt kor mange lærarar det minimum skal vera per elev i undervisning, og med dei 265 milionane me no har klarer skulane dette kravet og andre ting som me må også må passe på å gjere.

- **Kvifor er det så dyrt å gå på kulturskulen?**  
Fordi på kulturskulen får læraren lønn for jobben. Kommunen betaler nesten alt, men det egenandel på 1.600 kr per halvår å gå på kulturskule, det blir 3.200 pr år. Viss det er fleire søsken så er det 25% søskenmoderasjon.  
På visuelle kunstoffag er det i tillegg ei materialavgift på kr 350,- pr halvår. For

songelevar er det ei materialavgift for noter på kr 100,- pr halvår. Kulturskulen har ikkje gradert betalingsordning, men økonomi skal ikkje vere til hinder for plass. ta kontakt for meir informasjon. Kulturskulen har nokre stryke- og treblåseinstrument til leige for kr 350,- pr. halvår.

- **Kvifor er ikkje maten gratis på skulen?**

Gratis mat til elevar på skulen har vore ein politisk diskusjon. Hå kommune er ein kommune med låge inntekter. Når vi har låg skatteinngang må vi forvalte pengane godt. Kommunestyre har då bestemt at det er viktigare å prioritere pengane på undervisning enn eit gratis måltid.

- **Kvifor skal det koste så mykje å gå på idrett?**

Medlemskap i idrettslaga er eigentleg ikkje så dyrt. Medlemskontingenten i dei store fleiridrettslaga (der mange ulike idrettar er inkludert i prisen) ligg på:

Barn (7-13 år): ca kr. 1000 pr år

Ungdom (14-18 år): kr. 1200 – 1400 pr år

Både idrettslaga og kommunen har støtteordningar for dei som treng hjelp til å betala kontingent.

#### **4. Varhaug ungdomsskule:**

- **Hvorfor bevilger Hå kommune for lite penger til skolene i Hå?**

Hå kommune er ein kommune med låg skatteinngang. Skatteinngang er så mykje kvar innbyggjar i Hå betaler i skatt. Skatteinngangen i Hå er på 81% av landsgjennomsnittet. I tillegg får me noko som heiter skatteutjamning. Det vil sei at dei kommunane med mest inntekt må dele med oss. Då kjem Hå opp på ca. 93 % skatt av landsgjennomsnittet. Me har altså lågare inntekter en mange av kommunane rundt oss. Når me skal utføra dei kommunale oppgåvene må me då disponera dei pengane me har på ein berekraftig måte. Då blir resultatet at det blir noko mindre til skulen enn det andre kommunar bruker. Eg vil likevel understreke at det ikkje er store forskjellar. Det er kommunar som bruker både meir og mindre pengar på skulane, enn Hå. I skulen har vi også ei lærarnorm som seier noko om kor mange elever det skal vere per lærar. Denne norma vert fylgt også i Hå.

- **Hvorfor kan ikke alle skoler få leksefri skole?**

Lekser har vore diskutert så lenge eg kan hugse. Eg må sei at eg ikkje har ein fasit på kva som er rett. Kommunestyre i Hå har sagt at dette er opp til kvar skule å bestemme. Eg tenker at det er viktig med gode lærarar som kjenner elevane sine og veit om elevane bør ha lekser og kor mykje som då er fornuftig. Det er viktig å bruke lekser på ein god måte. Det må ikkje bli så mykje at det tek motivasjonen. Dersom du tenker på idrett, så er det slik at eigentrening er viktig for å bli betre. Slik er det også med lekser. Eigentrening skal gjere at prestasjonen på skulen blir betre.

#### **5. Nærbø ungdomsskole:**

- **Korleis legg kommunen til rette for barn og unge som har foreldre som har dårleg råd? Med auka prisar merkar me at nokre familiar slit med å betale alle utgifter og dette går ut over barna.**

- Alle med i Hå
  - Alle skal få vera med på ein aktivitet – Hjelp til kontingent i samarbeid med idrettslaga – 35 nye
  - Hjelp til treningsklær/sko/utstyr

Frå august til november har om lag 100 stk som har fått hjelp til utstyr

- Frilager – (kontingent som kommunen betaler)
  - Stort lager med utstyr til aktiviteter  
Barnehage- skule – lag og foreninger kan låne gratis  
Kanoer, soveposar, sekker, ski, +++ utan kostnad  
Også foreldre kan lån, men då er det ein liten kostnad
- Lager på Vigrestad – Klede og ein del utstyr som folk kan levere inn -og andre kan kome å få det dei treng
- NAV har diverse ordningar.

## 6. Motland skule:

- **Me på Motland skule lurar litt på kvifor Bø skule har fått meir pengar og midlar til uteområdet sitt? Hjå oss har me ein foreldregjeng som arrangerer disko for å samla inn pengar til ulike aktivitetar og apparat ute. Dette synes me er litt urettferdig.**

Når ein bygde Bø skule lærte ein litt av Motland skule. Motland har i dag mange anlegg på uteområdet, kommunen har bygd sandkasse (sandvolleyball), turnbasseng, klatrestativ, ballbinge, fotballbane. Så har FAU/discogjengen vore fantastisk flinke til å samle inn pengar og kjøpe ekstra ting til uteområdet og bidratt med to klatrestativ, basketballbane, karuseller, kul tauhuske ++

- **Det er fleire av elevane på Motland som har etterspurt pumtrack og skatepark på skulen. Dette har blitt sjekka ut, men på grunn av røyr og ledningar under marka og støy i nabolaget, får me ikkje dette til. Kunne det vore ein ide å laga ein skatepark ein annan plass, nord i kommunen, slik at det er meir tilgjengeleg for fleire barn og unge?**

Det stemmer at det har vore ønske om å få til en rullepark på Motland, men det stoppet opp fordi det var vanskelig å gjere det akkurat der. Dei hadde planer om å starte opp et lag/forening som skulle søke, finne finansiering og hjelpe med å få laget dette. Ein annan måte er å jobbe på skulen gjennom elevråd og FAU ved å be rektor søke til kommunen. Hå kommune har og ein idrettskonsulent som kan komme med gode råd til dei som søker, deriblant korleis ein søker om tippemidler. Rulleparker er ganske dyre, det kan derfor vere litt vanskelig å få gjennom. Å finne vaksne som brenner for dette og er villige til å stå på litt er derfor lurt.

- **Stolane på Motland skule er etterkvart ganske gamle. Me synes at dei**



**knirker og er vonde å sitja på. Dette er ei dyr investering for skulen, er dette noko de har med dykk når de fordeler pengar til skulane? I følge lovverket så skal alle elevar ha eit trygt og godt skolemiljø, som fremmer helse, trivsel og læring. Me synes ikkje at dette er med på å fremme helse, trivsel eller læring.**

Me har litt pengar til å skifte inventar, men ikkje nok til alle som ønsker nytt. Skulane har og litt pengar på egne budsjett. Ein lur ting kan vere at skulen rekner ut kor mykje det koster å skifte ut det som trengs mest. Vidare at dei ser på om dei har pengar nok sjølv, og at rektor tek kontakt med skulesjef og spør om han kan vere med å betale. Då får me ein speils og det er ofte ein god måte å løse ting på.

- **Youtube er eit mykje brukt verktøy i skulen, men her er det frykteleg mykje reklame. Sidan skulen skal vere reklamefri, kan de gjera noko med det? I følge paragraf 9-6 så skal skuleeigar sørja for at elevane ikkje blir utsette for reklame på skulen.**

Skulen kan aldri bli heilt reklamefri. Opplæringslova § 9-6 seier at elevane ikkje skal bli utsette for reklame på skulen, og det er difor lite reklamepåvirkning i skulane. Men i forarbeidene til lova er det presisert at dette først og fremst gjeld forbod mot skadeleg reklame, og ikkje all reklame. Lova er heller ikkje meint å hindra bruk av internett, TV, aviser, blad m.m. som ledd i undervisninga.

Youtube er ei tilleggsteneste til Google Worskpace, og derfor ikkje ein del av de reklamefrie googletenestane (som Google dokumenter, Google jamboard m.m.). Hå kommune har valt å ha tjena påslått fordi me då kan regulere kva videoer elevane får sjå. Barneskoleelever har til dømes strengare filtre enn ungdomsskoleelever. Me har vurdert ulempa med reklame som mindre enn fordelene av å kunne regulera kva videoar elevane får sjå. Me tenkjer heller ikkje at det er ulovleg.

Alternativet er å slå av tenesta youtube heilt. Då vil elevene kun sjå youtube-videoer som læraren legg inn i Classroom eller på ei side i Canvas. Me tenkjer at elevane i fag treng å kunne søke etter gode kjelder (inkludert videoar på youtube). Det er og ei viktig digital ferdigheit i seg sjølv, som elevane treng å trenna på.

## **7. Vigrestad skule og storskule:**

- **På skulen er det fleire elevar som opplever at det vert gjort hærverk, i tillegg til at sykklar, og sparkesyklar har forsvunne. Vi frå Vigrestad skule er sikre på at dette er ei utfordring også andre stader på skulane. Kan ordføreren ordne slik at vi får kameraovervakning av sykkelstativ for å få slutt på dette?**

Alle skulane i Hå har allereie installert kamera, først og fremst for å sikre kommunen sine verdiar mot innbrudd og hærverk. Dersom det er eit problem med hærverk eller tjuveri av sykklar, bør skulane be kommunen om å setja opp overvåkingskamera som filmar desse områda og, viss det ikkje går an å stoppa tjuveri og hærvek på andre måtar. Eg har fått opplyst at rektor på Vigrestad storskule har bestilt fleire kamera til skulen slik at sykkelparkering og blir overvåka.

- **Skulen på Vigrestad er gamal, og spesielt garderobane og kantina på skulen kunne trengt fiksing. Garderobane fordi dei er gamle og slitne. Kantina fordi den er liten, og ikkje er god nok til å gi varm mat til alle elevane på skulen. Når kan Vigrestad storskule få skikkeleg kantine? og korti kan gymgarderobane pussast opp? Rune**  
Me veit at Vigrestad storskule begynner å bli gammel og at kantina er liten. Me har sett mykje på skulane på Vigrestad. Slik det ser ut nå skal det byggast ny skule med 1-7 trinn på baksida av idrettsanlegget på Vigrestad, og når 5-7 trinn flyttar ut vil det gje mykje ledig plass på storskulen. Det er naturleg at me skriv om dette i ny skulebruksplan som skal bestemmast i 2024 og gjelde for 2025-2028.
- **Elevane på Vigrestad Storskule ønsker leksefri skule i Hå. Når kan vi få det?**  
Spørsmål allereie besvart, sjå spørsmål frå Varhaug ungdomsskule.

## 8. Høyland skule:

- **Kvifor er det så stor forskjell mellom skulane i Hå kommune? Nokre er nyare og finare, mens andre er gamle og slitne. Kan ikkje alle skular vere like?**  
Det enkle svaret på det er at me må bygge nye skular etter den økonomien kommunen har. Hå har gjort store grep innan skule dei siste 15 åra. Det er stor vilje for å prioritere skule i kommunestyret. Kommunestyret har oppgradert skular etter behov. På Bø og Ognå blei det bygd heilt ny skular. På Motland og Varhaug blei det gjort ei stor oppgradering. Det vil vere ulik kvalitet på bygga, men det er innhaldet på skulen som er det viktigaste for å få ein god skule. Eg hadde ungar som gjekk på gamle Bø skule og blei flytta opp til nye Bø skule. Etter eit år kom dei heim og sa at dei sakna gamle-Bø. Eg er sikker på at den nye skulen er betre, men det seier kanskje noko om at skule er mykje meir enn sjølve bygget.

## BUK- 003/23 Vedtak:

Alle spørsmåla som elevane hadde sendt inn til BUK, blei besvart.

## 004/23: Fordeling av midler BUK 2023

## 30.11.2023 Barn og unges kommunestyre

### Møtebehandling:

Varhaug skule fremja følgjande forslag:

*"60 000kr skal gå til redd barna fordi:*

- *Redd barna er ein organisasjon som når ut til mange barn i heile verden*
- *Redd barna lager opplegg til skular*
- *Dei hjelper barn i krig og nød so trenger meir hjelp ein oss*
- *Me har det så bra i Noreg så me tenker at barn i andre land treng pengene meir enn*

oss"

Ogna skule fremja følgjande forslag:

*"Me ønskjer å fordele pengane på ungdomsklubbene i kommunen. Ungdomsklubbane er ein fin møteplass for ungdommene."*

Bø skule fremja følgjande forslag:

*"Me ønskjer å fordele pengane på dei ulike skulane, slik at dei kan brukast på eit arrangement på skulen som skaper vennskap og minner, kanskje med litt god mat"*

Høyland skule fremja følgjande forslag:

*"Ønskjer at kr 60 000kr skal fordelast på skulane"*

Motland skule fremja følgjande forslag:

*"Me på Motland skule ønsker å fordela pengane likt ut på skulane, så kan me arrangera eigne aktivitetsdagar på skulen. Pengane kan gå til for eksempel pølser eller is til alle. Ellers kan kanskje desse pengane går til arbeidet med å laga ein ny skatepark? Dette vil blant anna auka interessen for å besøka kommunen vår, og aktivisera fleire barn og unge. Me veit at dette koster meir enn 60 000 kr, men dette vil vere eit greitt bidrag alikevel."*

Nærbø ungdomsskule fremja følgjande forslag:

*"Bruka 60000 kr til aktivitetsdag med t.d. kanonballturnering som har vore før. Ellers syns dei også at fritidsklubbane kunne fått meir pengar."*

Tryggheim ungdomsskule fremja følgjande forslag:

*"Ønskjer at 60 000kr deles ut til idrettslaga i Hå kommune"*

Varhaug ungdomsskule fremja følgjande forslag:

*"Ønskjer at 60 000 kr går til felles fotball/volleyball turnering for alle skulane i Hå"*

Vigrestad Storskule fremja:

*"Pengane fordeles gjevnt mellom dei ulike ungdomsklubbane i Hå"*

Barn og unges kommunestyre tok eit gruppemøte for å diskutera dei ulike alternativa.

Etter gruppemøte gjekk ein person frå kvar gruppe saman og einast om 3 forslag til kva kr 60 000 skal gå til:

Forslag 1: 60 000kr deles ut til idrettslaga i Hå kommune

Forslag 2: 60 000kr til turnering på skolen

Forslag 3: 60 000kr fordelast på skulane i Hå

Ordføraren føreslo for BUK å halda ei prøverøysting. Dette blei gjort og resultatet blei:

Forslag 1 fekk 9 røyster

Forslag 2 fekk 19 røyster

Forslag 3 fekk 3 røyster

Ordføraren bad om at prøverøystinga kunne vara den reelle røystinga, då det kom så

klart fram kva slag forslag som fekk fleirtall.

BUK slutta seg til ordføraren si tilråding.

Forslag 2: 60 000kr til turnering på skolen.

**BUK- 004/23 Vedtak:**

Barn og unges kommunestyre har vedteke å fordela 60 000kr til skolane som skal brukast på turnering.







